



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset, møterom Skåla</b>
<b>Møtedato</b>	<b>25.11.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>09:00 – 15:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Arve Mjømen, Per Rune Vereide, Kari Maria Rutle  
Fjærestad, Kåre Jarl Langeland, Turid Vassliås  
Borgund**

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesrådmannen: Kristin Arnestad (sak 53/14),  
Astrid Lernes (sak 54/14 og 56/14), Katrine Røkke  
Wilson (sak 55/14) Paal Fosdal (sak 61/14, pkt.3),  
Ingvild Ramstad (sak 61/14, pkt. 6)**

**Deloitte AS: Line Johansen og Stein Ove Songstad  
(sak 53/14 – 55/14 og 61/14 pkt. 1 og 5), Bjarne  
Ryland (sak 54/14), Gunnar Husabø og Øyvind  
Berge (sak 61/14, pkt. 5)**

**SF revisjon IKS: Ingvar Linde**

**Sekretariat for møtet:**

**Einar Ulla**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte.

Møtebøkene frå 21.10.2014 og 28.10.2014 vart godkjende utan merknader.

Kåre Jarl Langeland fekk permisjon og deltok ikkje i handsaming av sak 61/14, pkt. 6 (Diskusjon og val av neste FR-prosjekt)

**SAK 53/14 Forvaltningsrevisjon - Tildeling og oppfølging av tilskot - rapport**

**Dette gir følgende VEDTAK:**

**Kontrollutvalet råder fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget tek fylkesrådmannen si vurdering når det gjeld tilråding nr. 3 i rapporten til etterretning.
3. Fylkestinget tek fylkesrådmannen sin konklusjon vedr. tilråding nr. 9 i rapporten til etterretning.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følge opp dei øvrige tilrådingane frå revisor i kapittel 6 i rapporten
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for oppfølging av tilrådingane og plan for eventuelt vidare arbeid innan 01.09.2015.

-----  
**SAK 54/14 Forvaltningsrevisjon 2010 - Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane - oppfølging frå Frm, brev datert 10.11.14**

**Dette gir følgende VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen datert 10.11.2014 til orientering.
2. Utvalet ber om å bli orientert når retningslinjer og rutinar knytt til prosjektrekneskap for veg- og bygginvesteringar er komne på plass i løpet av våren 2015.
3. Kontrollutvalet ber om å bli orientert om status på oppfølginga av tilrådingane 2 – 5 innan utgangen av 1. halvår 2015.

-----  
**SAK 55/14 Forvaltningsrevisjon av innkjøp - oppfølging nov 14**

**Dette gir følgende VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 19.10.14 frå fylkesrådmannen til vitande.
  2. Kontrollutvalet ber om ny rapport innan 15. januar 2015.
-

**SAK 56/14      Revisorbrev 1-2014 - svar frå fylkesrådmannen**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek svarbrevet frå fylkesrådmannen til revisorbrev 01/2014 til vitande.
2. Vidare oppfølging av det som er påpeikt i revisorbrev 01/2014 vert gjort i samband med revisjon av årsrekneskapen 2014.
3. Oppfølging av revisorbrev 01/2014 er fullført.

-----  
**SAK 57/14      Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit 2014 - Deloitte AS**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek «vurderinga av uavhengigheit» frå oppdragsansvarleg revisor i Deloitte AS til etterretning.

-----  
**SAK 58/14      Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit 2014 -SF revisjon IKS**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek «Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune» frå SF revisjon IKS til etterretning

-----  
**SAK 59/14      Kontrollutvalet - Økonomiplan 2016 - 2018 - vurdering av moglege innsparingstiltak**

**Frå kontrollsjef låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Kontrollutvalet går inn for å redusere budsjetttrammene åra 2016 – 2019 for programområde 410 Kontrollutval slik:

År	Reduksjon
2016	- Kr. 517 000
2017	- Kr. 417 000
2018	- Kr. 417 000
2019	- Kr. 417 000

2. Storleiken på innsparinga er med atterhald om at utvalet i framtida skal bestå av fem medlemar.
3. Kontrollutvalet fordeler innsparinga innan eige område, og melder inn fordelinga til budsjettgruppa
4. Utvalet sitt vedtak vert lagt som vedlegg til fylkestinget sin handsaming av budsjettsaka desember 2014.

**Endringsframlegg som kom fram i møtet:**

Pkt. 2 i tilrådinga vert endra til:

Storleiken på innsparinga er med atterhald om at utvalet i framtida skal bestå av fem medlemar, jamfør vedtak i KU-sak 52/14. Kontrollutvalet legg til grunn at leiar og nestleiar skal delta i møta i fylkestinget.

**Avrøysting:**

Tilrådinga med endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet går inn for å redusere budsjetttrammene åra 2016 – 2019 for programområde 410 Kontrollutval slik:

År	Reduksjon
2016	- Kr. 517 000
2017	- Kr. 417 000
2018	- Kr. 417 000
2019	- Kr. 417 000

2. Storleiken på innsparinga er med atterhald om at utvalet i framtida skal bestå av fem medlemar, jamfør vedtak i KU-sak 52/14. Kontrollutvalet legg til grunn at leiar og nestleiar skal delta i møta i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet fordeler innsparinga innan eige område, og melder inn fordelinga til budsjettgruppa
4. Utvalet sitt vedtak vert lagt som vedlegg til fylkestinget sin handsaming av budsjettsaka desember 2014.

-----  
**SAK 60/14      Oppfølgingsliste 9/2014**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Oppfølgingsliste 9/2014 vert teken til vitande

-----  
**SAK 61/14      Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet  
25.11.14**

**Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:**

1. Status FR v/Deloitte
  - a. Samhandling
  - b. Innkjøp av kollektivtransport
  - c. Fylkesarkivet

*Alle prosjekta har framdrift i samsvar med plan. Orienteringa vart teken til vitande.*

2. Status Finansiell revisjon og selskapskontroll v/SF revisjon
  - a. Status finansiell revisjon

*Revisor orienterte om status for den finansielle revisjonen. Orienteringa vart teken til vitande.*

- b. Status FR av F1 Holding AS

*Kontrollsjef orienterte om status, og la fram notat med forslag til avklaring rundt problemstilling 1 i prosjektplanen. Notatet vart teke til vitande. Utvalet ba kontrollsjef om å sende notatet til revisor.*

3. Orientering om internkontroll v/Bjørn Birger Bremer

*Paal Fosdal, påtroppande assisterande fylkesrådmann orienterte utvalet om status for internkontrollarbeidet i fylkeskommunen. Orienteringa vart teken til vitande.*

4. Nytt frå NKRF
  - a. eINFO 14/8 - Ytringsfrihet og lojalitetsplikt

*Informasjonen vart teken til vitande.*

5. Orientering om kommunelovutvalet sitt arbeid v/Oddvar Flæte.

*Oddvar Flæte orienterte utvalet om status for arbeidet i kommunelovutvalet. Flæte fekk med seg ein del gode innspel i arbeidet med gjennomgangen av kommunelova for å styrkje det kommunale sjølvstyret.*

6. Orientering frå leiar og kontrollsjef

*Informasjonssjefen var invitert for å orientere om status i arbeidet med ny heimeside.*

*Utvalet ga innspel om at kontrollutvalet måtte synleggjerast under fana «politikk» på linje med fylkesutvalet. Kontrollsjef vil bli involvert i arbeid med innhaldet om kontrollutvalet i det vidare arbeidet med heimesida. Utvalet ga positiv tilbakemelding på arbeidet med heimesida, og tok orienteringa til vitande.*

*Leiar orienterte om utspel til Kommunal rapport vedrørande saka om tal medlemar i kontrollutvalet.*

*Leiar la opp til ein diskusjon om val av neste forvaltningsrevisjonsprosjekt. Utvalet kom til at ein ynskte ei samanslåing av prosjekt nr. 5 og 6 i revidert plan for forvaltningsrevisjon, noko kontrollsjef skal vurdere i lag med revisor. Leiar fekk, i samråd med kontrollsjef, fullmakt til å bestille prosjektet.*

-----